



Ingvild Skorpen Bøge er påskevert på Skorpo også i år

Det er på Skorpo det skjer påskelaurdag. Etterkvart har det vorte ein koseleg tradisjon at Ingvild Skorpen Bøge inviterar dei som har slege ferierot på den trivelege øya til påskefest. Ho driv restauranten Spisekroken i Bergen men har hytte på Skorpo - nærare bestemt den hytta som tidlegare var skule. Der plar ho invitera til grillparty, men i år gjer ho tydelegvis meir utav arrangementet enn før.



59 nådde toppen i rebusløpet

Prognosane gikk ut på at fleire enn 100 kom til å delta dette året. Det møtte 90! Første del av arrangementet er rebusløp til toppen av Skorpefjellet. Det er nytt av året, og går føre seg i skrivande stund - mellom klokka 12 og 14.59 nådde toppen!



Ingeborg, Lars og Elias har funne påske-egget!

Andre del skal avviklast frå klokka 15 og då plar Ingvild å grilla 2 grisar. Men dette året har ho utvida med 2 hjortar! Dei som deltek skal også ha med mat sjølve og alt i alt vert det nok ein stor påskefest i finveret. Ellers har vi høyrte at Marit Langballe har planar om sal av bakverk på Skorpo også i den sommarferien som startar om ikkje så lenge, men detaljar om det kjem vi nærare attende til.

Tekst og nett: Ola Matti MathisenFoto: Privat



Guro Sunniva, Åshild og Ingeborg på toppen med vinnertrøyer på